

Gol kommune

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
18/02005-4


Dato  
28.09.2018

## Innspel til nasjonal ramme for vindkraft - Svar frå Gol kommune


Gol kommune viser til brev frå NVE mottatt 08.06.18, der NVE ber om innspel om viktige regionale interesser i forhold til nasjonal ramme for vindkraft på land.

Frist for innspel vart fyrst satt til 20. september, men sidan endra til 20. oktober.

NVE peikar på at dei er ute etter fagleg informasjon av overordna karakter i denne runden. For Gol kommune sitt vedkommande er det analyseområde nr. 6 som inkluderer delar av kommunens areal.



Figur 1. Analyseområde 6 der Gol kommune inngår.



Figur 2. Analyseområde 6 med harde og myke eksklusjoner.

Som figur 2 syner er det delar av Nystølfjellet og nærliggande område som er peika ut i det vidare analysearbeidet.

### Friluftsliv

Nystølfjellet er det høgstliggende fjellområdet i Gol kommune og inneheld til dels store samanhengande inngrepsfrie områder. Det same er tilfellet for Søråsen, området sør for Nystølfjellet som også delvis inngår i analyseområdet (sjå figur 3). Vindmøller på Nystølfjellet vil måtte bli eksponert i stor grad da man fra dette området har utsikt til store deler av Sør-Norge. Det er blitt gjennomført turskiltprosjekt på Nystølfjellet og Søråsen gjennom det nasjonale turskiltprosjektet til Gjensidigestiftelsen og fylkeskommunene.

Gol kommune gjennomførte kartlegging av friluftslivsområder i 2016-2017 der areal brukt til friluftsliv ble gjennomgått og verdissatt. Resultata av kartlegginga er lagt ut på naturbase, men kommunen finn grunn til å peike på at Nystølfjellet får verdien svært viktig. Skog, myr og fjell. Tilrettelagt både sommer og vinter. Mye bruk, både nasjonalt og regionalt. (sjå figur 4).

Søråsen-området får verdien viktig. Skog, myr og snaufjell som er tilrettelagt for friluftsliv både sommer og vinter. Eventyrløypa fra Hemsedal til Flå går igjennom her. Middels bruk. (sjå figur 5).

Gol kommune vil understreke at kartlegginga av friluftslivbruk ikkje nødvendigvis gjev dei minst brukte områda den riktige verdien. I runden med friluftslivskartlegginga er det brukt ein mal med kriterier som gjev dei mest brukte og tilrettelagte område størst verdi. Men, verdien til områder med lite tilrettelegging og lite bruk skal også verte vekta positivt.




Figur 3. Figuren syner inngrepsfrie naturområder (INON) i analyseområde 6 (Gol kommune).


### Viltet og områda sine kvalitetar

Hjortedyr (elg) opptre i områda i randssona opp til fjellet i vinterhalvåret då dette er viktige vinterbeiteområder med gode førekomstar av vier. Elgmerkeprosjekt i Hallingdal og Valdres (NINA –rapport 1395) syner at elg som er på sommerbeite i Valdres trekkjer til Nystølfjellområdet kvar vinter. I og med at området er relativt inngrepsfritt så har dette også ein viktig funksjon som leve og oppholdsområde for elg heile året.

Gol kommune har elles rekartlagt tiurleikar i kommunen, og det er funne fleire store leikar innan for randsona til analyseområdet.



Figur 4. Kartlagte område for friluftsliv i analyseområdet, Nystølfjellet, Gol kommune.



Figur 5. Kartlagte friluftsområder i analyseområdet, Søråsen, Gol kommune.

### Tamrein

Filefjell tamreinlag nyttar store delar av Nystølfjellet og Søråsen som vinterbeite for tamrein. Ta kontakt med dei for meir informasjon.

### Vassdragsregulering

I Gol kommune er det fleire vassdragskonsesjonar, Uste-Nes og Hemsil-reguleringa. Dette har ført til irreversible inngrep i natur og vassdrag.

Om de har spørsmål, berre ta kontakt!

Med helsing

Jørn Magne Forland  
miljøvernrådsgjevar

Godkjent og ekspedert utan underskrift